



Kommunal- og distriktsdepartementet

Vår ref.:
25/4597

Saksbeh.:
BVI

Ark.:
PLANID-
2021000252,
PLANNAVN-
Områdeplan
Sulafjellet,
PLANTYPE-34, K2-
L12, GBNR-94/441

Dykkar ref.:

Dato:
03.03.2025

Utfyllande informasjon frå Sula kommune- områdeplan for Sulafjellet

Områdeplan for Sulafjellet - Kommentrar frå Sula kommune

Bakgrunn:

Viser til mottatt brev frå KDD datert 14. februar 2025, der kommunen får høve til å komme med kontradiksjon på innspel som KDD har fått. Kommunen ønskjer å bruke denne muligheita til å kommentere brevet som innbyggjarane i Sula har oversendt KDD. Brevet er datert 22. januar 2025. Dette brevet inneheld både hovudinnspel og fleire personlege påstandar som kommunen ønskjer å gi tilbakemelding på.

Planprosess og prosedyre:

Planprosessen har blitt gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova sine retningslinjer, og det har vore god dialog med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har kome til semje om det meste, og etter den siste høyringsrunden vart det trekt fleire motsegn. Dei fire gjenstående motsegnene er no til sluttbehandling hos KDD. Barne og familiedepartementet har per no foreslått å trekke den eine motsegna knytt til barne og unge.

Kommentarar til påstandar i brevet frå 22. januar 2025:

1) Påstand: Feilaktig informasjon i fagrapportar

Det blir hevda at tiltakshavar har formidla feilaktig og mangelfull informasjon til utrederane som utarbeidde fagrapportane for "Fugleliv" og "Naturmangfold". Dette blir påstått å ha skjedd vedrørende informasjon om fjerning av alpint og langrenn frå planforslaget.

Svar frå Sula kommune:

Kommunen forholder seg til dei offisielle plandokumentane. Ved oppstart av planprosessen var aktivitetar for sykkel, alpint og langrenn inkludert i planforslaget. Etter dialog og høyring har aktivitetane for sykkel, alpint og langrenn blitt fjerna. Dette har blitt reflektert i fagrapportane

for "Fugleliv" og "Naturmangfold", som er basert på korrekt informasjon. Alle desse aktivitetane er fjerna frå det offisielle planforslaget.

Det er fortsatt mogleg å gjennomføre aktivitetar som frikøyning, trugetur og topptur, slik som i dag. Ev tilrettelegging for langrennsløyper ved bruk av trakkemaskin vil krevje løyve i samsvar med «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag».

1B) Påstand: Feilaktig brannsikkerheitsvurdering

Det vert påstått at rapporten om brannsikkerheit baserer seg på at gondolbanen skal vere i kontinuerleg drift ved brann, og at dette ikkje kan garanterast.

Svar frå Sula kommune:

Fagrapportar knytt til brann konkluderer med at brannsikkerheit er ivaretatt i planen.

Gondolbanen blir installert med elektromotor og to nødaggregat som automatisk slår seg på ved driftsstopp. I tillegg er avstanden frå kablane i gondolbana ned til brennbart materiale/bygningar 27- 60 meter. (Kravet er min 20 meter). På dette nivået av planlegginga skal det dokumenterast at tiltaket er gjennomførbart etter gjeldande regelverk. I samband med behandling av byggjesøknad, er det krav om ei detaljprosjektering.

2) Påstand: Mangel på alternativsvurderingar

Det vert hevda at det ikkje er gjort tilstrekkelege vurderingar av alternative traséar og løysingar som kunne redusert skade på natur og bebyggelse.

Svar frå Sula kommune:

Det er gjort avgrensa alternativsvurdering for gondolbanetraséen, og fleire alternativ for anleggsveg og plassering av bunn- og toppstasjon er vurderte. Dette er ikkje kommentert som mangelfullt frå overordna mynde i planprosessen. Plasseringa av bunnstasjonen på Devoldfabrikken er vurdert å gi best resultat både teknisk og med tanke på traséen sin nærleik til bustader. Alternative plasseringar for toppstasjonen er ikkje vurdert, då plassering på Rundehornet er vurdert som mest hensiktsmessig, etter tilbakemelding frå Statsforvaltaren.

Plassering av bunnstasjon:

Ulike alternativ for plassering av bunnstasjon sør for Devoldfabrikken er vurderte, og det er ønskjeleg at startpunktet for gondolbanen ligg på eller nær Devoldfabrikken sitt område. Fylkeskommunen har poengtert av vern gjennom bruk er av stor verdi og Devold fabrikken er eit viktig verna kulturminne. Eit delmål er å styrke næringsgrunnlaget for Langevåg sentrum og for Devoldfabrikken. Alternativ for plassering utanfor dette området vil føre til bygging av ny veg/parkeringsplass, noko som ikkje er berekraftig.

Plassering av toppstasjon:


I det første forslaget til trasé for gondolbanen vart Rundehornet valgt som mulig lokasjon for toppstasjonen. Dette alternativet ble valgt etter tilbakemelding frå Statsforvaltaren som understreka at det ikkje er realistisk å finne alternativ utan konflikhtar.

Alternative traséar for gondolbane. Kommunestyret aksepterte ikkje gondolbanetrasé – alternativ A. Ein måtte finne ei løysing som hadde mindre konsekvens for bebuarar ved traséen. Her er det foretatt ei avgrensa alternativsvurdering for gondolbanetraséen. (Alt A, B, C1 og C2).

Alternativ A:

Tiltakshavar sitt opprinnelege alternativ til trasé, med start på Devoldfabrikken og i rett linje til toppstasjon på Rundehornet.

Dette var det første alternativet som vart lagt fram for politisk behandling.




Kartblåsa viser trasé med 40 meter sikringsone for alternativ A

Alternativ B1:

Startpunkt på Devoldfabrikken, mellomstasjon nord for Svanshornet og toppstasjon på Rundehornet. Traséen følgjer delvis det ubygde område mellom Remane og Harhaugen, og råkar vesentleg færre bustadar enn i alternativet A.


Dette alternativet ligg inne i planforslaget.



Kartblåsa viser trasé med 40 meter sikringsone for alternativ B1

Alternativ C1

Startpunkt ved stadion og direkte linje til toppstasjon på Rundehornet. Nærføring til minimalt med bustadar. Men traseen ligg nær idrettsplassen og Ridehallen. Behov for å etablere ny parkeringsplass, og utbedring av vegnettet frå sentrum. Plasseringa vil ha mindre effekt for styrking av besøkstal i Langevåg sentrum. Langs vegen frå sentrum og opp til bunnstasjon vil ca 25 bustadar med fasade mot vegen få auka trafikkstøy. Tilsvarande tal for ev bygging av ny veg gjennom Grøndalmarka, vil vere ca 12 bustadar.




Kartblåsa viser trasé med 40 meter sikringsone for alternativ C1

Alternativ C2:

Startpunkt ved stadion, mellomstasjon ved Svanshornet og toppstasjon på Rundehornet.

Tilsvarande konsekvens som for alternativ C1.



Kartblåsa viser trasé med 40 meter sikringsone for alternativ C2

I planomtalen sitt pkt 7.2.1 «Alternativsvurdering gondolbane» er det vist ein tabell over dei ulike alternativa si nærføring til bygningar:

| Alternativ for Gondolbane | A | B1 | B2 | B3 | C1 | C2 |
|--|------------|------------------|---------------------------|---------------------------------|--------------------------------|---------------------------------------|
| | Opprineleg | Regulert løysing | Bunnsstasjon 20m mot aust | Linje optimalisert for bustader | Alternativ bunnstasjon direkte | Alternativ bunnstasjon - mellomstasi. |
| Bustader under gondolbane | 3 | 1 | 4 | 0 | 0 | 0 |
| Bustader kun i 40m restriksjonssone | 15 | 6 | 5 | 7 | 1 | 0 |
| Kun bustadtomt i 40m restriksjonssone | 2 | 5 | 4 | 2 | 1 | 1 |
| Omsorgsbustader under gondol | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Omsorgsbustader kun i 40m restriksjonssone | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bedehuset under gondol | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 |
| Bedehuset kun i restriksjonssone 40m | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forretningsbygg under gondol | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forretningsbygg kun i restriksjonssone 40m | 0 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 |
| Hestesenter/Stall under gondol | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Hestesenter/Stall kun i restriksjonssone 40m | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 |

Figur 67, samanliknar ulike alternativ sin nærleik til bustader og andre bygningar

Alternativsvurdering av anleggsveg/driftsveg Sjø planomtalen sitt pkt 7.2.2.

3) Påstand: Planforslaget bryter med forskriften for konsekvensutgreiing og krav fra det europeiske regelverket for sikkerhet ved taubaner.

Svar frå Sula kommune:

Tiltaket kjem inn under punkt 12 i vedlegg II, Turisme og fritid, a) taubaner, og KU-forskrifta sin § 8 for reguleringsplanar. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 er lagt til grunn for konsekvensutgreiinga. Temaene i KU-forskrifta sitt vedlegg II er grundig utgreidd, og dersom det hadde vore brot på forskrifta, ville Statsforvaltaren ha kommentert det.

Det er Statens jernbanetilsyn som gir løyve til drift av taubaner og som har tilsynsmynde. Jf. Taubaneforskrifta § 2-4, og § 7-1. Tryggleiksavstandane er fastsett i taubaneloven, og prosjektering av gondolbane vil bli utført etter gjeldande regelverk. I reguleringsføresegnene § 3.3.7 er det også eit krav om at beredskapsplan/driftsplan skal utarbeidast i nært samarbeid med naudetatane.

Det er strenge krav til drift, og kontroll som skal bidra til å unngå ulykker

4) Påstand: Mangelfull utgreiing av konsekvensar frå forureining frå nedfall av kjemikalier og olje på matjord og beitejord. Refererer til Voss Gondol.

Svar frå Sula kommune:

Det vert referert til gondol ved Voss. Dette er ikkje samanlignbart då dette er to ulike system. (Sjø ROS-analyse sittt pkt 3.9 «Tryggleik under gondolbane»). Situasjonen med smøring av kablane på Voss Gondol vart kommentert tidlegare i planprosessen. Smøremidlene som skal nyttast på denne gondolbanen er godkjente, og i henhold til klassifisering utgjer desse ingen helseisiko. Faren for nedfall er sett til minimal.

5) Påstand: Mangelfull utgreiing av samfunnsøkonomiske konsekvensar

"Det er mangelfull utgreiing av samfunnsøkonomiske konsekvensar, noko som gjer det umogleg å vurdere «gagn» mot skade."

Svar frå Sula kommune:

Ei ringverknadsanalyse har blitt lagt fram som ein del av planprosessen (Menon AS). Her har ein sett på betydninga av tiltaket for lokalt og regionalt næringsliv, samt potensielle

arbeidsplassar i arbeids og driftsfasen. Sula kommune har spelt inn at kommunestyret vil kunne ta stilling til dette dersom det vert bedt om det frå departementet si side. Sula kommune avventer departementet si vurdering på om det er behov for dette.

Sluttkommentar:

Sula kommune har gjennomført planprosessen i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Med helsing

Bente Glomset Vikhagen
Kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Terje Havnegjerde

Turid Kristin Sand Humlen

Seniorrådgjevar

Ordførar